Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sjernaröy.

Emne: Jolenissen.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse):

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Nissen höyrde eg aldri snakk um heima utan det var etter
jolehefte, kort eller böker og blad. Han kom ikkje med jo-
legåver heima. I seinare år hende det at på fest klædde um seg
ut med gamle klæde, topphuva og maske og sekk på ryggen og
kom inn og delte ut godter, t.d. neter eller eple eller
appelsiner. - Dette med nissen tykkjer eg ikkje höyrer
heima hjå oss, etter gamalt, og når me höyrde snakk um
han trudde me aldri på han.
2. Jolenissen kom ikkje med jolegåver til oss heima.
3. Helst var det ein yngre kar som klædde seg ut som nisse.
Han kunde vera stor eller liten, men krökte seg gjerne til
so han såg lågare ut enn han var, um han var lang.
For andlitet maska med skjegg, dertil gjerne ein gamal
frakke, men ikkje snakk um knebuksa.
4. Maska var gjerne med grått eller kvitt skjegg. Topphuva
og gamle klæde, gjerne ein gamal frakke, Ikkje knebukser.
5. Maska helst kjöpt men dei kunde og laga sjölve. No helst
kjöpt då dei kan kjöpa hjå landhandlaren.
6. Jolebukk kunde dei gå med vanleg maska på og gamle klæde.
Jamnast kunde dei kjenna dei um dei kom inn på grannegar-
dane, men dei lest ikkje gjera det. Jolebukken skulde helst
få noko, t.d. eple eller appelsina, eller neter.
7. På festar kunde jolenissen dele ut godter: neter, eple
eller appelsiner.
8. Nissen vart ikkje det, eg veit, sett saman med tuften, men
elles hadde me ikkje snakk um tuften heima. Talen um
jolenisse var nyare, etter det eg kan skyna, heima.
9. Dette med jolegåver i sokk eller skål tenkjer eg meg er
kome inn med böker, ikkje brukt heima da eg minnest.
Dei hadde noko dei kalla jolegeit, eg såg henne aldri
men höyrde um henne, ho hadde trehovud med underkjeft som
kunde lyftast upp til yverkjeften so det såg ut som beit
ho ihop tennene.. Men dette höyrer ikkje hit. Hell eller ikkje
um jolasveinane. -

5394

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING